



Sak nr 1/2011

Møtedato: 1.2.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Reguleringsplan for Vaset alpinområde, offentlig ettersyn

Fjellstyret har fått oversendt reguleringsplan for Vaset alpinområde og kommunen skriv kort følgjande om endringane: *Planen er no justert med at nokre hyttetomter er take ut pga sterk verknad for omgjevnadene, samt at deler av vegnettet er lagt om. Vidare er planføresegn meir tilpassa standard utforming som Vestre Slidre nytter. Skiløypenettet er og delvis lagt om, bl.a. at skiløypa langs saubekkevegen tas ut og erstattast med ei skiløype frå "harehoppløype" og ned til Brennabu leiskule.*

Detter er 2. offentlig ettersyn av planen. Fjellstyret behandla 1. offentlig ettersyn i sak 49/09 og gjorde følgjande vedtak: *Fjellstyret ber kommunen vurdere å regulere eit område til offentlig parkering der skiløypa startar ved Panoramavegen. Ut over det, har ikkje fjellstyret merknader til planen.*

Fjellstyret sin merknad om parkeringsplass er fylgt opp med å ta ut ei tomt og regulere dette til parkering. Det er ikkje avsett trasé til skiløype gjennom alpinanlegget som før, men det er foreslege ei ny løype frå Brennabu i austre kanten av alpinområdet. Denne løypa skal koplast opp mot løype ved Stubbest (Harehoppløypa). Vidare er det regulert inn gangveg frå Brennabu og fram til hovudvegen inn i hyttefeltet.

Areal F/N1 for kombinert formål er redusert frå 18 til 10 daa som følgje av endring av løypetrasé. Det er i staden kome inn to nye hyttetomter på sørsida av løypetrasé. Vegnettet er delvis lagt om. Areal til fritidsbebyggelse og kombinert formål er samla ikkje vesentleg endra frå fyrste plan.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til planen.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.2.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Statskog